



Tre av dei 11 i gitarorkesteret kom frå Uskedalen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kulturskulen i Kvinnherad har nok ein gong arrangert ein strålende kulturmonstring på Husnes. Imponerende mange talentfulle ungdommar var samla til UKM dette året og det var 17 nummer innan song, dans, musikk og kunstutstilling.

Tre av deltakarane var frå Uskedalen.

Det var gitaristane Johannes Taranger (13 år og elev i ungdomsskulen), Hermund Døssland (12 år og elev i sjuande klasse) og Victoria Andersen Eik (12 år og elev i sjuande klasse). Dei tre er blant dei 11 som spelar i det heller nystarta Kvinnherad Gitarorkester og som spela Beethoven og Godfather Themesong av Nino Rosta i monstringa.

Sjølv om orkesteret har spela berre stutt tid imponerte det, men tur til fylkesmonstringa i Bergen fekk dei ikkje, Det fekk musikkgruppa Nedstemt, dansarane Hanne Kathrin Lillevik og Oda V. Bjørgvik, muskarane Helene Vik og Aleksandra Sanden, muskar og songar Anette Prestnes, gitaristane Eirik Brakestad og Andreas Bjørsvik og biletkunstnaren Silje Vågen. Aleksander Rebaudo frå Uskedalen var ein av dei som sat i juryen.

Rundt rekna 60 deltakarar var med denne gongen og monstringa vitna om stor musikalsk kreativitet blant dei unge i kommunen. Ikkje minst gjorde det inntrykk at så mange av dei hadde laga låtane sjølve.

Av Ola Matti Mathisen